



Den nye barnehagen slik han er teikna, vendt mot aust og vest.

**No ligg planane for den første private barnehagen i Uskedalen, Dønhaug gards barnehage, i kommunen. Dei er utarbeidd av Trelasten, som er engasjert til å stå for byggjeprojektet. Saksbehandlar Jon Harald Kjærland tør ikkje seia noko bestemt om sannsynleg framdrift vidare.**

Utgangspunktet for plana er 10 barn i alderen 0-3 år og seks barn i alderen 3-6 år, altså tilsaman 16.

Bruksarealet på hovudplanet er 119 kvadratmeter medan det er 60 kvadratmeter på loftsplanet. Kjellarplanet skal ikkje utnyttast.

Dørene er lagt til rette for rørslehemma med dørbreidder på ein meter og låge tersklar.

På hovudplanet blir det to like store allrom, det eine med kjøkkenkrok, stellerom, garderobe og kontor og på loftsplanet blir det ansatterom, kvilerom, stellerom og to barnerom.

Framfor barnehagen er det avsett område for leiking både sommar og vinter. Det blir og plass til ein liten høneog kaningard. Heile leikeområdet for borna blir gjerda inn. Det er avsett ein parkeringsplass for rørslehemma på samme høgdenivå som hovudinngangen.

Leikeapparata blir levert av godkjend firma. Trelasten har ikkje nokon leveranse av slike, blir det opplyst.

Uskedalen.no har spurd Kjærland om den vidare saksgangen.

.- Vi har i dag fredag levert over planane til miljøretta helsevern, og så spørst det om dei har merknader. Viss dei finn at planane tilfredsstillar dei krav og reglar som gjeld, kan dei gå vidare. Men det er sannsynleg at planane må til endeleg godkjenning hos politikarane i forvaltningskomiteen og eg tør ikkje her og no ha noko formeining om når det eventuelt kan skje. Vi har mange sakar som står i kø her for tida.

- Kan du for din del sjå kompliserande faktorar i Dønhaug-prosjektet?

- Jau, det kompliserar bygget at det er planlagd med to etasjar. Her kjem ikkje minst omsynet til tryggleiken inn ibiletet. Det hadde vore mykje enklare viss barnehagen hadde vore planlangd med ein etasje eller at også kjellarplanet hadde vore utnytta, seier Kjærland.

**Av Ola Matti Mathisen**



Slik blir den nye barnehagen i Uskedalen liggjande, der huset på Dønhaug gard (bruksnummer ein) låg. Det store som er teikna til høgre er løa.